

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 08.11.2016  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Halfdan Brandtzæg

**SAKA GJELD:** **Budsjettarbeid 2017**

**ARKIVSAK:** 2016/47  
**STYRESAK:** **063/2016**

**STYREMØTE:** **18.11.2016**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 4

---

I førre styremøte fekk styret ei orientering om arbeidet med driftsbudsjett for 2017, og dei utfordringane organisasjonen står framfor for å få eit resultat som støttar tidlegare drifts- og investeringsvedtak. Saka er ei oppfølging av orienteringa gitt 28. oktober.

Sidan førre orientering blei gitt, har klinikkane levert tiltakslistar som nesten gjev Helse Førde eit budsjett innanfor rammene som er gitt. Det er så langt ikkje funne innsparing for mellom 5 og 10 millionar kroner. Det er lågare kostnader til løn som vil gje dei største innsparingane.

Eit problem er at vi må samordne arbeidet med prosjekt som arbeider med tilsvarande område, men som i utgangspunktet skulle ha lengre tid til å lage forslag til endra arbeidsprosessar og organisering. Dei skulle bruke tid til å utgreie korleis endringar påverkar andre deler av drifta. Dette må vi ta omsyn til i vidare arbeid.

Tiltaka som er lagt fram er til dels risikovurderte. Risikoen i mange av tiltaka blir vurdert til å vere høg. Dette med omsyn til både storleiken på innsparingane og tidspunktet for når vi klarer å setje dei i verk. Vi har difor starta arbeidet med å sjå korleis vi kan finne måtar å gjere risikoen i dei einskilde tiltaka lågare. Då det har vore krevjande å finne fram til dei tiltaka klinikkane no foreslår, har vi så langt ikkje starta arbeidet med å identifisere nye tiltak vi kan arbeide med som erstatning for tiltak som ikkje får venta effekt. Vi arbeider no med rammene for eit slik arbeid. Resultatutviklinga vi legg til grunn framover for å kunne gjennomføre

vedtekne investeringstiltak, vil uansett krevje at vi arbeider med desse problemstillingane. Det same gjer arbeidet med gevinstrealisering og effektiviseringsreforma til regjeringa.